

Partnerskapsavtale

mellom

Hordaland fylkeskommune og Osterfjord Nærings samarbeid

1. Formål

Hordaland fylkeskommune og Osterfjord Nærings samarbeid skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til hovudstrategiar og innsatsområder i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH). Partnerane legg til grunn at delar av næringsutviklingsarbeidet er av ein slik karakter at det er mest effektivt å drive dette i eit regionalt partnerskap. Det regionale næringsutviklingsarbeidet skal likevel ikkje erstatte vertskommunane sitt ansvar for eige næringsutviklingsarbeid inkludert å vidareutvikle ei god «førstelineteneste» for eiga næringsliv.

2. Målsettingar

Partnerskapsavtalen skal medverka til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling slik dette er formulert i gjeldande regionale planar på området, med særleg vekt på innsatsområda i HNH. I dei årlege tildelingsbrev fra fylkeskommunen kan dette bli nærare presisert.

Ein viktig del av samarbeidet er å stimulera til næringsutviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene og fylkesgrensene (der kor det ligg til rette for det) for å utnytte regionen sitt samla vekstpotensiale

3. Osterfjord Nærings samarbeid sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Osterfjord Nærings samarbeid skal som ein del av sitt virke:

- Rådgiving og rettleiing for bedrifter og etablerarar etter behov. Ha oversyn over ulike kjelder til informasjon, kompetanse og finansiering for etablerarar og bedrifter.
- Drive informasjonsarbeid retta mot bedrifter og etablerarar. Inkludert er både å vidareformidle informasjon til næringslivet i regionen og å gje informasjon om regionen og forholda for etablering i dei ein skilde kommunane til potensielle etablerarar og bedrifter utanfrå.
- I samarbeid med kommunane og næringslivet medverka til prosjekt- og utviklingsarbeid og iverksetting av aktuelle tiltak. Nettverksprosjekt som omfattar fleire kommunar bør bli prioritert med sikte på å utløyse det totale utviklingspotensialet i regionen.
- Vere utførande og koordinerande organ i næringsutviklingsarbeidet mellom primærkommunane og fylkeskommunen.
- Andre oppgåver etter behov.

Der kor kommunar i eit nabofylke deltek, vil regionrådet søke også dette fylket om medfinansiering. Hordaland fylkeskommune vil medverka etter behov.

4. Fylkeskommunen sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal fylkeskommunen yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei fylkeskommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. april kvart år, men ikkje før rapporten for året før ligg føre og er godkjent (sjå punkt 6). Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at Osterfjord Nærings samarbeid kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Fylkeskommunen deltek på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som partnaren er ansvarleg for etter nærare avtale.

Der kor det er naturleg, skal fylkeskommunen medverka til at partnar kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som fylkeskommunen sjølv, og fylkeskommunen sine andre samarbeidspartnarar rår over.

5. Organisering av arbeidet

Det blir lagt til grunn at arbeidet blir gjort i nært samarbeid med administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen. Det er opp til kommunane sjølv å avgjere kven dei vil samarbeide med og korleis dei vil organisera og drive det regionale næringsutviklingsarbeidet. Fylkeskommunen skal likevel førehandsgodkjenne alle endringar i eigar- og driftstilhøva for å sjå om dei er i samsvar med intensjonane i denne avtalen. For å få tilstrekkeleg tyngde i det regionale næringsutviklingsarbeidet,

ser fylkeskommunen det som positivt at også kommunane er med og delfinansierar arbeidet. Fylkeskommunen kan få observatørstatus i styret etter nærare avtale med regionkontoret.

6. Rapportering

Fortløpande rapportering og dialog skjer gjennom regelmessige møte mellom partnar og fylkeskommunen, dog minst 2 gonger pr år.

Innan 1. mars kvart år skal regionkontora sende ein kortfatta rapport til fylkeskommunen. Det skal rapporterast på gjennomførte tiltak og oppnådde resultat i høve til oppgåvene nemnt under punkt 3 og til dei mål og krav som blir sett i dei årlege tildelingsbrevva frå fylkeskommunen. Rapporten skal gje ei kort oppsummering av bruken av partnarsskapsmidlane i høve i aktivitet og gjennomførte tiltak.

I tillegg skal regionkontora også sende årsmeldinga og revisorattestert årsrekneskap, (eller anna tilsvarende rapportering,) til fylkeskommunen så snart dette ligg føre. Fylkeskommunen ber også om å få tilsendt kopi av eventuell anna årsrapportering til andre finansiørar som IN, SIVA og Forskingsrådet.

7. Tidslengd, beløp, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld frå 2018 og til og med 2020 med eit årleg partnarsskapsbidrag på kr 130 000.

Det årlege partnarsskapsbidraget frå fylkeskommunen kan bli justert som følge av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane. Større endringar i dei fylkeskommunale rammene for ordninga gir Osterfjord Næringssamarbeid rett til å seie opp avtalen.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for Osterfjord Næringssamarbeid gir fylkeskommunen rett til å reforhandla eller seie opp partnarsskapsavtalen.

Ved mislighald kan begge parter seie opp avtalen med 1 månads varsel.

Dersom Osterfjord Næringssamarbeid blir lagt ned eller misligheld avtalen, kan fylkeskommunen krevje heile, eller deler av, partnarsskapsmidlane tilbakebetalt.

Fylkeskommunen eller fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Namn plikter å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.

Bergen 2. mai 2018

For Hordaland fylkeskommune

.....
Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

For Osterfjord Næringssamarbeid

.....
namn person
funksjon/tittel